

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

SOMMARFERIEORDNING I BARNEHAGANE - VEDTEKTSENDRING

Sakshandsamar: Lena Epland Sløgedal

Arkivsak : 17/171 -

Arkivkode: 211

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

SAKSUTGREIING:

Dagens vedtekter seier dette angående ferie:

Ferie:

Alle barn i barnehagen skal ha 4 vekers ferie i løpet av eit barnehageår. Alle barnehagane har stengt 3 veker i juli månad. Den fjerde ferieveka må barnet ta i tillegg. Nytt barnehageår er i starten av august, og dei barna som skal byrje på skulen må ev. søkje om å få gå i barnehagen i august månad, fram til skulestart, dersom dette er mogleg.

Foreldra skal innan 30. april gje melding om kva tid barnet skal ha sommarferie.

Dei to siste åra har det vore prøveordning på om me skal utvide dette tilbodet til å halde oppe ei avdeling heile sumaren. Fyrste året hadde me oppe i Lunde barnehage, då var det få barn som nytta seg av tilbodet og to veker vart det heilt stengt. Altså berre ei veke oppe.

I fjor vart det bestemt at me tar eit prøveår til i Stjernereiso barnehage. Det måtte minst vere 6 barn for at ein skal halde oppe. Og i fjor haldt me oppe ei avdeling heile sumaren. Det var størst pågang fyrste veke og minst i den siste veka. Det er alltid påmeldt fleire barn enn det kjem.

Etter to år med prøveordning, bør me no ta ei avgjerd på korleis me vil ha det.

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Forslag til endring:

Alle barn i barnehagen skal ha 4 vekers ferie i løpet av eit barnehageår. Tre av fire barnehagar har stengt 3 veker i juli månad. Ein barnehage held ope heile sumaren for alle barn i Tysnesbarnehagane. Det må minimum vere 8 barn for at det skal kunne halde ope eit tilbod. Den fjerde ferieveka må barnet ta utanom. Foreldra skal innan 30. april gje melding om kva tid barnet skal ha sommarferie.

I forslaget er det også tatt bort at dei barna som skal begynne på skulen ikkje får plass etter 1. august, når barnehageåret begynner.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)